

# **Sunnylven skyttarlag**

## **1865**

Knut Frøysa sitt jubileumsskriv i 1985 når laget hadde 120 års-jubileum.

### **Historisk attersyn**

Den 10.mars vil Sunnylven Skyttarlag feire 120 års jubileum.

Det er to årstal som kan reknast som moglege skipingsår for Sunnylven Skyttarlag seier formann Jan Erik Øksvang. Det først er 1865 og når vi vel å bruke dette årstalet er det ut frå boka "Skyttersaken i Norge" før 1893. Der står det følgjande: "Sunelven Skytterlag : Laget prøvde seg i 1865 og 66 med 25 medlemmar. Etter dette må Sunnylven skyttarlag vere av dei eldste skyttarlag , saman med Ålesund og Ørskog , på våre kantar av landet. Vi veit at i 1861 var det 96 lag i heile landet med 6654 medlemmar.

Desse laga var underlagt Centralforæiningen for Udbredelse av Idræt og skyding. Avdelinga for skyting heldt det gåande til 1880.Året etter gjekk laga over til Folkevæbningssamlagene som i 1881 samla heile 336 skyttarlag og 14809 skyttarar.

Vi skal ikkje her kome inn på den bitre striden mellom Centralforæiningen og Folkevæbningen i 1880 åra, berre kort nemne at Folkevæbningen ville skape en meir allmenn nasjonal skyttarorganisasjon(frå grasrota) og at det vel i røynda vart ein strid mellom partia Høgre og Venstre. Centralforæiningen blei sprengt og laga her kom med i Folkebevæbningssamlaga i 1885. Medlemstalet her låg mellom 30-70 og formann i 1885-87 og 1892 var Kommandersersjant Rasmus Rørhuus.

Første åra var det lite og inkje bokføring i laga. Ein mangler protokoller. Såleis veit ein ikkje kven som var formann i 1865-67 då laget som nemnt vart skipa.

I bygdeboka for Sunnylven står det at dei dreiv med skyting på Frøysa i slutten av 1870 åra med Jørgen Frøysa som formann. Skyttarar frå dalen og Hellesylt var truleg med her i laget. I Langedalen vart dert skipa skyttarlag i 1884 med menn som Jørgen Tryggestad, Ingebrikt O. Tronstad , Johannes Kjellstad, Petter O. Tronstad og Instruktør Knut Tronstad i brodden.

At det her i Sunnylven var drive med organisert rifleskyting så mykje tidlegare enn i mange andre bygdelag kan ha si naturlege årsak i dei vidgjetne Heimigardssmedane på Kjellstad, som arbeidde mange rifler i 1850 åra og utover.

Johs. Kjellstad sen. 92 år gamal, no busett i Trondheim står for mykje av kjeldetilfanget i dette attersynet. Han meiner at dette med at karane her i byda hadde lettare tilgang på rifler hadde mykje å seie.

I 1885 var det 17.mai fest i Kjellstadvegeskiftet. Denne dagen var det også skytetevling. Til skyteskiver brukte dei store Steinheller. Kuler støypte dei sjølve.

Frå Sunnylvsbyda fortelst det at dei første åra brukte ei gammal fjøsdør til skive. Blinken var gjerne innteikna som ein fugl. Dei våga ofte hua si for kvart andre. Hengde ho på ein staur og skaut til måls.

Også i Oaldsbygda var der skyttarlag nokre år frå 1889. Formenn der var Lars S Seljeflot og Knut Stokke.

Folkebevæbningssamlaget i Møre og Romsdal heitte Møernes og Romsdals folkebevæbningssamlag frå 1893. Det var to lag i Sunnylvn som var innmeld i dette samlaget på den tid. Folkebevæbningssamlaget arrangerte fylkesstemner eller samlagsskytterfestar dei kalla. Frå 1892 vart desse avløyst av Futerifestar. Dette året var det stor Futerifest i Sunnylvn.

Vi veit at det i ei periode mellom 1915 og 1920 var 3 skyttarlag i Sunnylvn: Langedalen, Hellesylt og Bygda. Frå 1920 til 1932 var skyttarlaget i Langedalen lagt ned.

Ole Iver Brekke gjekk instruktørkurs på Elverum og avløyste kommandørsersjant R Røruus som instruktør i Sunnylvn i slutten av 1890 åra og kring århundreskiftet. Det var instruksjonsskyting både i Bygda og i Dalen og premieskyting på Jogardsbøen.

Formenn i den tida var:

Knut Tronstad, 1893-94. Iver Kjellstad 1895-96, Jon Hole 1899-1903-04.

Rundt århundreskiftet var det Lunds gevær og Remingtons gevær laga nytta. På Frøysa fekk dei buke smia hans Skule- Jørn når dei laga seg blykuler.

Omkring århundreskiftet delte dei skyttarlaga i to, Sunnylvn skyttarlag og Langedalen Skyttarlag. Lagsgeværa vart bytte mellom laga. I 1907-10 kom Krag gevær i bruk ved premieskyting. I 1907 kom skyttarlaga med i det nyskipa Sunnmør Skyttarsamlag, og no hadde laga vind i segla ei tid. I 1917 var her såleis 66 aktive skyttarar i Sunnylvn. Men så kom diverre nokre år med dalande interesse, og minkande medlemstal.

I tida 1905-24, var desse formann i Sunnylvn Skyttarlag:

Ivar Storstein, Nils J Frøysa, Klaus Hole, K. Vollsæter, Elias O. Vollset og Elias Hauge.

Formenn i Langedalen Skyttarlag: Andreas Karbø 1905-10, Rasmus P. Tryggestad 1910-15, Johs. J. Kjellstad 1915-20. Nedlagt frå 1920- til 1932. Johs J Kjellstad formann frå 1932-34.

Kristen Rørhus 1934-36, Alf I Tronstad 1936-37. frå 1937 vart det eitt lag for heile Sunnylvn.

Hellesylt Skyttarlag vart skipa i 1915 med Ole E Gausdal som første formann. Frå 1918 var Lars E Frøysa formann. Skyttarar frå dalen kom også med i Hellesylt Skyttarlag frå 1920. På denne tid var det to skyttarlag, Hellesylt og Sunnylvn skyttarlag. I 1924 fekk dei to laga leigekontrakt for 20 år på skytebane i Steimsåsane. Til bygging av bane med skur og til utstyr fekk dei statstilskot. Bana som hadde ei lengde på 700 meter, var ferdig i 1924 og kosta kr 1.000,-

I 1925 slo dei to laga seg saman til eitt: Sunnylvn Skyttarlag og Lars Frøysa held fram som formann heilt til 1935.

Sidan har desse vore formenn:

Elling S Ringdal, Ole AK Ringdal, Knut J Tryggestad, Ola Fivelstad, Ole Nybø, Oddmund Fivelstad, Elias Røruus-Øie, Anders Langøyli og Rolf Matvik. No i Jubileumsåret er Jan Erik Øksvang formann.

## 92 år gamle Johs. K Kjellstad minnest tilbake

Med sitt gode minne og sin meisterleg forteljarkunst skildrar Johannes her sitt første møte med skytesporten:

*"Før eg var konfirmert såg eg ikkje så mykje likt til organisert baneskyting i grenda. Men så ein fin Søndagsmorgon i oktober 1907, henta eg geitene ned "Ova Varå". Dei hadde lege vekk i tryggveret. Då eg kom ned over nakkane med flokken, small det skot etter skot burt på "Flatå" (Tronstad). Eg såg røyken først, og så kom smellen og straks etterpå klafsken av kuletreffet i ei av dei tre svartmåla steinskivene med kvit blink. Dei stod så lageleg til mot den høge bakken bak. Kanskje dei står der med 5 ringar den dag i dag? Skytinga var eit skodespel for 15. åringen, geitene kom til tuns lenge før meg.....*

*Skyttarane hadde to rifler, ei dei kalla Lunds med laddekammer under ved avtrekket og eit "4 linjers" som hadde stokk like til munningen. Børsene var nok skyttarlaget sin eigedom, skaffa alt i 80-åra. Så stod det på marka ei lita kasse med svartkrut, eit par små kartongar med vaselinsmurde blykuler, ein nesten tom pose med ladda patroner og ein med tome hylser.*

*Tennsatsen hadde vel ein av dei 6-7 karane i lomma – tenkte eg.*

*I Vollstova tok dei ut tennhetter med ein hel-syl, sette inn nye med ei klubbe, fylte patron med krut etter augemål og sette inn kula med hendene.*

*Halkjel-Petter skaut berre frihendig, men Heimigards- Ole, Årebakk-Karl og Ole ut i Liå, skaut både kne og liggande. To av dei hadde vore rekruttar i 1905. Oskar Støverstein kom og såg på og sa: "Eg trur eg skal kappspringe med kula"!..... Det fylgde ei lita røykstripe med blykulene, velsmurde for at dei ikkje skulle "sete bly" i riflingane.*

*Året etter skaut dei på Stokkeflatå på Tryggestad. Ole A: Kjellstad hadde lima ein kvit blink på ei svart papplate, og tidelt skiva i ringar med 5cm mellomrom. Rasmus (Dal) skaut berre frihendig med "4-linjers". Sersjant Kjellstadli hadde med si militære Krag Jørgensen. Og broren hans skaut 5 skot 38 poeng i 7- ar og 8- ar rett til venstre. Sergen sa det var god skyting, men eg tykte han burde treft blinken....*

*Far hadde nett kjøpt oss ei Remington rifle gjennom skyttarlaget for kr 3.50. Den hadde eg med og prøvde 2 skot. Eg la meg om det og tok fint sikte. Skota stod i 2-ar og 3-ar under...*

*No kjøpte laget inn eit Krag Jørgensen gevær for kr 33,- og eit par år etter, eit til. Den første som eigde privat Krag var R.P. Tryggestad. Han var lagsformann og "primus motor" i mange år. På Stokkeflatå skaut vi på 100- 200- 400 og 600 meter. Det var mang ei gild skyttarsamling som eg minnest med glede.*

*Nokre frå Hellesylt var også med. Ei par år var det og salongskyting for jentene i Langedalen (kring 1915-16).*

*Ingebrikt Fivelstad skaffa seg tidleg Krag, men meir enn 4 gevær var det ikkje i laget til 1920. Jau, Peder Kjellstad kosta på seg Krag i 1915. Og dei to gutane var av dei beste i Langedalen Skyttarlag den tida.*

*Privatgeværa var forsynt med mikrometersikte for finstilling og med sølvkorn. Lagsbørsene hadde militærsikte.*

*Ein skyttarfest i 1912 på hotell Norangdal med Kjellstadmusikk drog til seg mange Strandarar over Skylstadbrkka og syklande honndøler. Ole Langøyli (Spelmannen) delte ut premiar og nemnde at ein 1. klassing med 16 premieskot hadde 12 tiarar på 100 og 200 meter og fekk m.a. gullsmidpremien som var oppsett for alle kl på 200meter. Det var berre ein 3. klassing og to 2. klassingar. Det var R.P. Tryggestad, Kurle-Petter og Kleiva- Martin.*

I 1913 var det samlagsstemne i Eidsdal og etterpå fest med Kjellstadmusikk. R. P. Tryggestad fekk 1. premie på 10 skot 600meter 3- delt figur med 27 poeng. Mellom 1915 og 20 gjekk det ei skyting om eit gevær for dei 3 laga Langedalen, Hellesylt og Bygda. Vi skaut på Stokkeflata, i Ringdalsåsane og på Frøysa. Langedalen vann for 3. gang i 1920, men laget gjekk då i stå og den skytinga i gløymeboka.

## **Krinsstemne med forviklingar**

Midt i Oktober 1913 skipa skyttarlaget i bygda til eit krinsstemne. Vi møtte opp på Hauge, men det var så "fole te ver" at det vart inga skyting den dagen.

Vi dalingane la oss føre der, men dagen etter var u-veret like gale. Tidleg på dag kom det telefon frå Bjørdal at Holedalselva hadde brote seg beinveg gjennom Bjørdalstuna. Og der trong det all den karahjelp dei kunne få. Vi la til flokkevis over Helsetbrua som flaumen fossa over, og så tok vi skogvegen opp om "Berja". Frøysavellene med vegen var ein einaste gruggen sjø.

Ved tverrkroken på Holedalselva der ho reiv som verst, drog vi over ei svær bjørk og prøvde å dyngre greinene med stein. 40-50 mann bar og køyrde stein på spreng frå merkegardane på Bjørdal. Men det var ei veldig makt i dei grusfylte vassmassene, så mykje av steinen flaut i den tunge straumen. Med meir mannskap, tre og torv, stokk og stein og lettare ver vann ein over storflaumen, som gjorde stor, stygg skade i tun, åker og eng på Bjørdal.

Ved neste helgabel vart krinsstemnet avvikla. Då skaut Ole Elias Kjellstad 10 blinkar på figurskive på 100meter i tre stillingar. Med Serg. Kjellstadli sitt Krag gevær. Resultatet gav ein gild gavepremie.

Terrenkskytinga var på nokre lyngrabbar ovanfor Frøysa, med serg. Tommas Bjørdal som Leiar.

## **Eit lag for heile Sunnylvn**

Det synt seg at det var svært få ifrå Dalen som vart med då Hellesylt og Bygda bygde seg bane i "Steimsåsane" i 1924.

Dette kan ein på sett og vis seie vart opphavet til Hytteholtskytinga som tok til i 1932. Fyrste året "skaut vi opp på Flatå" og sette pappskivene attmed steinsnivene. Vi baud med oss vår gode skyttarven R. P. Tryggestad og eit par andre frå Hellesylt til denne fyrste skytinga som gjekk etter svært demokratiske klassereglar. Vi Dalingane brukte berre eit privatgevær. Det var forsynt med eit diopter som var lite kjend for dei fleste. Slette- Andrias vann den skytinga, og det var i den nye løa hans at vi hadde premieutdeling, bevertning og dans etter god musikk av Johs. O. Kjellstad og Ragnvald Støversten.

Festen var så vellukka at av overskotet kunne vi kjøpe inn ein liten sølvpokal som skulle gå i 10 år om ikkje nokon fekk 3 aksjar før. Når 10 år var gått skulle akjeeigarane skyte seg imellom om pokalen. Skyteprogrammet var som for seinare Hytteholpokalar.

Krigen kom, og 3-4 år etter krigens slutt, måtte Einar O. Frøysa og Reidar Kjellstadli halde to omskytingar før sistnemnde fekk tildelt pokalen til odel og eige.

Hytteholpokal nr 2 var ei heil lita "sølvbytte" som Sunnylvingar i Oslo v/I. Bjørknes og O. E. Kjellstad gav stort bidrag til, og det var ein fryd for eldre skyttarar å sjå kor unngutane i flokkevis nappast om storpremien. Det vart visst Knut Tryggestad som drog av med "bytta".

*I 1933 fekk Langedalen tak i ei av dei gamle lagskragene og laget var virksomt til 1937. Då var tida inne for samling til eit lag for heile Sunnylvn. – fortel Johs Kjellstad senior.*

I 1925 gjekk Sunnylvn skyttarlag og Hellesylt Skyttarlag saman til eitt lag: Sunnylvn skyttarlag. Om samanslåingsvilkåra heiter det m.a.: *”Laga sammenslåes på like vilkår efter medlemstall, medlemmer er regnet for årene 1922-23 og 24. Etter antallet av medlemmer disse år svarer henholdsvis: Hellesylt Skt.lag 38/70 og Sunnylvn sk.lag 32/70 av utlegg til fellesbane. Som skulle ligge oppe i ”Steimsåsane”.*

Som punkt 3 vart det vedteke at namnet på skyttarlaget skulle vere Sunnylvns skyttarlag (no endra til Sunnylvn).

Avslutta kontrakt om bygging av ny bane gjelder således: *” Av den nevnte sum kr 1.000,- ettusend kroner bærer det gamle Sunnylvns Skyttarlag 32/70 og Hellesylt sk.lag 38/70 som blir at utbetale ifølge nevnte kontrakt. De øvrige utgifter bæres av det nye lag.*

Videre siterer vi frå møteboka følgende:

*” Søndag den 11/7-25 ble det holdt generalforsamling på Hellesylt der det ble vedtatt lover for det nye skytterlaget. I paragraf I står det til dømes: Lagets maal er at fremme praktisk skyteferdighet. Paragraf 2 ”Som medlemmer kan opptas enhver hederlig mand eller kvinde som har fylt 15 aar. Yngre medlemmer kan opptas naar styret anbefaler det”.*

Innskrivningspenger var dengang kr 1,-. Kontingent var 50 øre pr. medlem pr. år.

I det første styret etter samanslåinga var desse med;

E. Hauge, E. Parr, E. Waule, I.I. Ringdal, L. Frøysa og I. Hole.

Den 17 desember 1925 var det avvikla årsmøte og det møtte 23 lagsfolk. Årsmeldinga fortel at det var 61 aktive skyttarar med til saman 3073 bokførte skot. ( Til samanlikning kan det nemnast at i 1984 var det avfyrt nærare 38500 skot). Laget kunne elles vise til eit overskot på kroner 62,64 dette første året.

Nyebana oppe i Steimsåsane fekk sin kraftige ildprøve under samlagsstemne bane som laget avvikla den 21-22 august 1926. Det står i møteboka fylgjande: *” Det nye skyttarhuset ved standplassen var heilt u-unværlig da det silte ned på den andre stemnedagen noe forferdelig”.* I Lagskytinga på dette stemnet gjekk Sunnylvn heilt til topps, så også på den tid hadde laget her mange gode skyttarar.

## **Sentralbaneanlegg for Indre Sunnmøre**

Det vil føre for langt å ta med alle detaljar frå konkurransar og festeleg tilstellingar i skyttarlaget sin regi gjennom alle desse åra. Berre kort nemne at i 1961 heidra laget den store skyttarvenen Anton R. Larsen med ein gild fest på Tryggestad Hotell. Ein annan sentral person i skyttarsamanheng er Ole Ringdal. Han var formann i laget i 11 år og seinare har han alltid støtta laget og vore aktiv for eit skapande miljø.

Mot slutten av 60-talet var interessa laber mellom medlemmane og laget fungerte dårleg. På eit ekstraordinært årsmøte i 1972 var det drøfta om skyttarlaget si framtid og om eventuell samanslåing med Stranda sk.lag. På eit sammøte med representantar frå Stranda sk.lag seinare same året, vart det bestemt at laga skulle slåast saman og bli heitande Stranda/Sunnylven skyttarlag. Men så langt kom det ikkje. Etter fleire møter vart det bestemt at Sunnylven Skyttarlag skulle halde fram som eige lag og Anders Langøyli vart valgt til ny formann. Året etter, i 1974, overtok Rolf Matvik formannsvervet, og hadde dette fram til desember 1984. I jubileumsåret er Jan Erik Øksvang formann.

I jubileumsåret arbeider laget for fullt med ny skytebane i Hyttehola ved Langøyli. Bana ligg godt skjerma mot vind og ver, er godkjent som sentralbane for indre Sunnmøre.

Dei siste åra har Sunnylven skyttarlag markert seg som eit sterkt skyttarlag med godt miljø og med mange fine talenter.

Det spirer og gror rundt jubilaranten i Sunnylven.